

Radar

2015 nr. 3

Kyrkjeblad for Radøy sokn

31.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840

www.kirken.no/radoy

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796

Trusoppplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Organist I J. William Kay
915 91 482

Organist II Frode S. Storheim
948 38 985

Dirigent Radøy damekor
Juraté Norkuviené
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar
Berit Karin Vogelaar
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G. Hvidsten
909 18 214

Nytt frå dagleg leiar

Kyrkjevalet 2015

Mandag 14. september er det kyrkjeval. Ved dei siste vala er det lagt til same dag og tid som kommune- og fylkestingsvalet. For at det skal vera enkelt for alle å røysta har vi stemmemottak på dei same stadene som Radøy kommune. Vi er i same bygg, men har ikkje lov til å vera i same rom.



Lista som er presentert i bladet inneheld 18 gode namn som har sagt seg villig til å sitja i soknerådet. Det er ikkje lenger lov å stryka kandidatar, men du kan

gje inntil 3 tilleggsrøyster ved å setja kryss framfor dei som du syns fortener det. Dei åtte som har flest stemmer vert valgt inn i rådet. Dei neste fem vert varafolk. I tillegg til dei åtte er soknepresten, oppnevnt av biskopen, og ein representant oppnevnt frå kommunen med i soknerådet.

Kandidatane har ikkje tradisjon for å stå på stand og koma på døra for å be om stemmer, men det er viktig at folk flest engasjerer seg i kyrkjevalet. Kanskje årets kandidatar vil driva meir aktiv valkamp?

Vi har førehandsrøysting på kyrkjekontoret frå 10.august til 11.september i ekspedisjonstida. Frist for

førehandsrøysting i anna sokn enn der ein er busett er 1.september. Det vert også høve til førehandsrøysting på Velferdssenteret.

Alle medlemmer i Den norske kyrkja som fyller 15 år eller meir i løpet av året har røysterett. Vonar at mange finn fram til valurnene til kyrkjevalet i år. Godt val.

Manger kyrkje



Førebuing til stabilisering av kyrkja går vidare. Det syner seg at den samla tilbudssummen er vesentleg høgare enn budsjettet av Radøy kommune i 2015. Dette betyr at arbeidet ikkje kan starte som planlagt 31.august 2015. Grunnen til dette er at arbeida vert meir omfattande enn først antatt. Det er vesentleg peling i grunnen og meir avstiving av bygget enn først rekna med som gjer at summen aukar.

Tilleggsøyving, eventuell ny løyving for 2016 må handsamast av formannskap og kommunestyre i Radøy. Det mest realistiske er at saka vert tatt opp i samband med budsjettet for 2016.

Elles føreligg det no godkjenning frå Bjørgvin bispedøme og Riksantikvaren med atterhald for inngrep i grunnen. Dette er søkt om og vil verta avklart innan kort tid. Vi er lei for at dette fører til vanskar for alle som vil nytta kyrkja og at uvissa ser ut til å verta strekt endå lenger ut i tid. Vonleg kjem finansieringa på plass i løpet av hausten.

*Audun Sylta
Dagleg leiar*



Kandidatane ved soknerådsvalet i Radøy sokn (1 til 11)



Gunnar Kartveit
Konsulent, Kirkens
nødhjelp
65, Manger

Relevante erfaringar
1979 - 1990
Kateket i Tysvær

4 periodar i sokneråd, var leiar i
Manger sokneråd

Medlem og leiar i Nordhordland
prostiråd

1984 - 1990
Medlem i Stavanger
bispedømeråd og i Kyrkjemøtet

Satsingsområde
Ansvaret og gledene ved at
kyrkja er både lokal og global.

Sjå heilskap og samanheng
mellom trusopplæring, diakoni
og gudstenesteliv, heile tida
relatert til livet.



Per Bjørkhaug
Sakshandsamar NAV
65 år, Bøvågen

Relevante erfaringar
Styret i Arna Indremisjon, Leder
for Arna musikklag, Kristent
korpsarbeid i Nesttun kristelege
hornorkester og i Skala Brass
band.

Satsingsområde
Diakoni og diakonalt arbeid
i kyrkjelyden. Har også alltid
vært opptatt av og engasjert
i sang og musikk i kirke og
bedehus.



Grethe Lunde
Regionleiar NMS
55 år, Sæbøvågen



**Kirsten Johanna
Skage Mellingen**
Lærer
61 år, Sletta



Kristen Kvalheim
Områdeleiar
48 år, Bøvågen

Ønsker å jobbe for ei open
og tilgjengelig kirke som har
mykje musikk og der alle er
velkommen.



Silje Kristin Ellingsen
Frisør
37 år, Sæbøvågen

Relevante erfaringar
Leiar, Sæbø barnekor
2011 - 2015
Medlem, Radøy sokneråd

Satsingsområde
Ynsker å arbeida med
barn og unge.



Roald Hvidsten
Bonde og snekkar
54 år, Manger

Relevante erfaringar
2000 - 2007
Snekkarlærer på
Tryggheim VGS

Kyrkjetenarassistent
Pianist i Sæbø barnekor

Satsingsområde
Få meir folk til gudstenestene.



**Sølvi Helen
Kvalheim Mjøs**

Gravferdskonsulent
38 år, Bøvågen

Relevante erfaringar
2008 - 2014
Kyrkjetenar i Hordabø og
Manger kyrkjer

2014 -
Gravferdskonsulent i
Nordhordland begravningsbyrå

Medlem, kyrkjelydsutvalet i
Hordabø

Musikalsk inspirator i Hordabø
barnekantori

Satsingsområde
Eg ynskjer å arbeida for ei open
kyrkje som har plass til folk i alle
aldrar og i alle fasar i livet; at
kyrkja skal fornya seg og tenkja
nytt, men samtidig også ta vare
på tradisjonar.



Marie Fjellsende
Pensjonist
72 år, Sæbøvågen



Tore Morland
Pensjonist
65 år, Manger

Relevante erfaringar
Tidlegare lærar, Radøy
kommune

Satsingsområde
Ungdomsarbeid og
trusopplæring.



Mona Steiner Brekkan
Lærer
44 år, Sletta



Kandidatane ved soknerådsvalet i Radøy sokn (12 til 18)



Oddbjørn Tveiten
Dagleg leiar
60, Manger

Relevante erfaringar
Kyrkjevert på Manger

2002 - 2004
Formann i Radøy/Manger
Fotballklubb

Satsingsområde
Fokus på brukaren
Den kristne kulturarven



Sigfred Johan Lunde
Krinsleiar
59 år, Sæbøvågen

Relevante erfaringar
Frå eg var 13 år, avisbod og sjåfør, hjå Bergens Arbeiderblad, kokk i Kystartilleriet på Senja, Industriarbeidar Sabb Motor AS, vaktmester/assistent Sjømannskyrkja i Philadelphia, New Orleans og New York, Kassesnekker N.A.Nilsens Kassefabrikk, Reisande sekretær/forkynner Hordaland krets, Assistent sjømannskyrkja i Montreal, Reisande sekretær/forkynner Sunnmøre krets, krinssekretær Sunnmøre krets, Krinssekretær vestlandet. Vidare Prestevikar for biskopen i Møre i 17 år. Til saman 30 års teneste i Sjømannskyrkja.

Satsingsområde
I soknerådet vil eg arbeide for å få i gong utval som arbeide retta mot alle aldre, gjerne i samarbeid med skule, kommune og organisasjonar, arbeid retta mot misjon, sjå om det er mogeleg å stimulere til eit rikare gudstenesteliv, og ei kjernesak for meg, å arbeide for å få i gong et godt frivillig diakoniarbeid.



Unni Hansen Marøy
Sjukepleiar
43 år, Bøvågen

Relevante erfaringar
Har vore med i barne og ungdomsarbeid og kor.

Satsingsområde
Mer familievennlige gudstjenester.

Øke sanggleden i gudstjenesten.



Marlen Ramsvik Rikstad
Barnehageassistent
46 år, Manger

Relevante erfaringar
Vore med i Hordabø barnekantori

Satsingsområde
Ei kyrkje for alle.
Arbeid barn og unge.



Berit Grindheim
Pensjonist
75 år, Manger

Satsingsområde
Ynskjer at me fortsatt skal halda fram med det gode og viktige arbeidet, med born og unge som me har i kyrkjelyden. Eg vil ha ei open kyrkje for alle, men ikkje open for alt.



Bjarnhild Nordanger Myhre
Vernepleiar
59 år, Sletta

Relevante erfaringar
Medlem i Radøy damekor

Tidlegare medlem i Hordabø sokneråd

Satsingsområde
Inkluderande kyrkje.

Val av sokneråd

Slik røystar du ved fleirtalsval (ei kandidatliste)


A Du kan levere røystesetelen utan endringar

Alle kandidatane på røystesetelen får då ei røyst kvar.

B Vil du endre på røystesetelen, kan du:

- Gje inntil tre kandidat ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Kandidaten får då to røyster.
- Føre opp inntil tre namn på røystesetelen. Desse kan du ikkje gje tilleggsrøyst. Kandidaten får då ei røyst.

Andre kandidat får ei røyst kvar.
Andre endringar vil ikkje telje med.



Brett røystesetelen i to med teksten inn

Dei nominerte til Bjørgvin bispedømeråd 2015 - 19

Det er ein nominasjonskomitee som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med ein medlem frå kvart prosti. Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemene i nominasjonskomiteen. Komiteen har lagt vekt på at begge kjønn skal vere representerte med minst 40 prosent og at lista skal innehalde minst 20 prosent kandidatar under 30 år. Det er vidare lagt vekt på å at ein skal representere ei breidde i kandidatane sine syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål.



1. Inger Helene Thingvold Nordeide

54 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Førde, Sunnfjord prosti.

Erfaring: Medlem og leiar Bjørgvin bispedømeråd, søndagsskuleleiar, gudstenesteutval, kyrkjeblad, helse- og sosialutval i kommunen, styre folkehøgskule.
Eg stiller til val fordi eg ønskjer å være med å påverke i dei vala kyrkja skal gjere etter skillet frå staten.



2. Nora Sætre Baartvedt

20 år. Student, Fyllingsdalen videregående skole, Voss, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Leiar av Ungdomsrådet i Bjørgvin, medl. klokkelaget i Voss, delegat Ungdommens kirkenote 13 og UKM-delegat til Kyrkjemøtet 14.

Eg stiller til val fordi det er viktig for meg at kyrkja, i denne tida med endring, er til stades i samfunnet og bidreg med positive verdier. Samstundes er det viktig at me framleis opprettheld dei tradisjonar og retningslinjer som me sjølve kjenner oss att i. Eg vil gjerne være med å koma fram til noko som sikrar ei god framtid for kyrkja vår.



3. Karl Johan Kirkebo

65 år. Markedsdirektor. Bones, Fana prosti.

Erfaring: Medlem og leiar i meningshetsråd, Stiftelsen Bones interimskirke, menighets-

blad, medlem fellesråd og medlem/leiar prostiråd. President i lokal Lions club.
Eg stiller til val fordi eg har eit brennande engasjement for kyrkja og for det den kan bety for kvar enkelt og for lokalsamfunnet. Eg er uroleg for utviklinga i kyrkja og er redd for at kyrkja er i ferd med å bli meir og meir konform, med blir lågare takhøg og høgre tersklar. Viktig å ta tak i bl.a. finansiering no når kyrkja blir meir sjølvstyrt. Med min bakgrunn frå økonomi og strategi og mitt engasjement som kyrkjemedlem, trur eg at eg kan medverka.



4. Andreas Skeidsvoll

23 år. Student, Universitetet i Bergen, Osterøy, Åsane prosti.

Erfaring: Sokneråd. Eittåring i kyrkja. Student-KRIK, kor, ungdomsforening og kyrkjelydsarbeid.

Eg stiller til val fordi eg ønskjer å bidra med tankar og idear om korleis kyrkja kan løysa dei store utfordringane den står overfor i tida framover. Eg ønskjer å være ei ung røst i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, og eg håper at mi erfaring frå fleire kristne ungdoms- og studentmiljø kan vera med på å gi eit nytt perspektiv på sakene som vert tatt opp i desse organa.



5. Berit Nøst Dale

63 år. Høgskolelektor NLA/Lærerhøgskolen, Meland, Nordhordland prosti.

Erfaring: Medlem i Bjørgvin bispedømeråd, medlem og nestleiar i sokneråd.

Eg stiller til val fordi eg er blitt beden om det, kanskje fordi eg har erfaring frå bispedømeråd og kyrkjemøtet siste periode. Som lek kyrkje-gjengar i eigen kyrkjelyd ser eg det som positivt at folk på grunnplanet er med og avgjer kvar kyrkja skal gå vidare i den nye situasjonen som kyrkjesamfunn heller enn statskyrkje.




6. Marius Økland

29 år. Adm. leiar, Normisjon reg. Sogn og Fjordane, Bremnes, Sunnhordland prosti.

Erfaring: Konfirmantleiar. Styre- og leiarverv i Indremisjonssamskipnaden og Normisjon. Søndagsskuleleiar.

Eg stiller til val fordi eg er motivert til å jobbe for at kyrkja skal vere relevant i barn og unge sitt liv. Dette må vi halde varmt på alle nivå i kyrkja. I trua på Jesus er vi kalla til eit livslangt disippelskap – og kyrkja må møte barnefamiliane, ungdommane og dei unge vaksne sine behov for kristent fellesskap på ein måte som er relevant for dei.



7. Liv R. Ågotnes

48 år. TSP Group Manager and System Administrator. Fjell, Vesthordland prosti.

Erfaring: Leiar for personal- og serviceavd. ved Bjørgvin bispedømekontor. Kyrkjevevjer, leiar kyrkjelydsutval, medlem sokneråd.

Eg stiller til val fordi eg er glad i kyrkja og voner eg kan gjere nytte for meg med min kompetanse innan personal, organisasjon breid erfaring innanfor ulike arbeidslag i kyrkja.



8. Ida Lindøe

47 år. Lektor, Kvam ungdomsskule. Ålvik, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd og medlem fellesråd og trusopplæringsutval. Medlem og leiar Emmaus (no Kyrkjeleg dialogsenter Bergen). Studentmenigheten i Bergen. Medlem kvinneutvalet i Bjørgvin.

Eg stiller til val fordi fordi eg håpar å kunna bidra med mi erfaring og kompetanse frå kyrkjeleg arbeid i meir enn 25 år. Bakgrunnen min som religionsvitar er også relevant. Eg har eit stort ønske om at så mange som mogeleg skal få oppleve Den norske kyrkja som ein god stad å komme til og få bu i. Låg terskel, inkludering i fokus. Være ein god arbeidsgjevar. Kyrkja må både klare å tilpasse seg slik kvardag og helg er for folk flest i dag, samstundes som den skal ta vare på tradisjonar både frå kyrkjelivet i Noreg og hente inspirasjon frå den verdensvide kyrkja gjennom historien.



9. Vemund Øiestad

66 år. Tannlege i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Norsida sokn, Nordfjord prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd. Leiar fellesråd og prostiråd. Varamedlem Etisk råd i Den norske tannlegeforening.

Eg stiller til val fordi eg er oppteken av utviklinga i kyrkja. Med bakgrunn både frå sokneråd og fellesråd i 18 år, har eg ein god del kunnskap og erfaring som vil vere viktig å ta med seg i dei utfordringar kyrkja står overfor dei næraste åra.



10. Per Hilleren

56 år. Bonde, Stedje, Sogn prosti.

Erfaring: Leiarverv regionale styre i landbruk og landbruksassamvirke. Styreleiar Lyngmo Ungdomssenter. Sokneråd og prostiråd.

Eg stiller til val fordi eg ynskjer å vere med å bidra til å styrkje den norske kyrkja sin posisjon.



11. Inge Wilhelm Økland

26 år. Barne- og ungdomsarb. i Indremisjonsforb. Sandviken, Bergen domprosti.

Erfaring: Varamedlem ungdomsrådet i Bjørgvin. Konfirmantleiar.

Eg stiller til val fordi det er ei veldig spennande tid kyrkja er inne i no, og val gjort i neste periode kan få store konsekvensar for framtida til kyrkja. Eg trur det kan være positivt med nokon ungdommar i bispedømerådet.




12. Hildegunn Kalvenes

67 år. Pensjonert helse-soster. Austevoll, Fana prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd. Helsesoster. Meddommar Heradsretten.

Eg stiller til val fordi eg ser på kyrkja som ei stor misjonsmark. Viktig at det er klar forkyning til omvendning og frelse. Ynskjer å vera med å fremje at kyrkja står på Guds ord.



13. Bjørn Sandvik Solsnæs

20 år. Student. Leikanger, Sogn prosti.

Erfaring: Verv i Fylkesstyremedlem i Senter-ungdomen Sogn og Fjordane, Leiar i Senter-

ungdomen Midtre Sogn, Leiar i Leikanger Bondelag, Leiar i Leikanger Mållag.

Eg stiller til val fordi eg er reflektert og engasjert. Eg er glad i og kjenner meg heime i kyrkja, og vil gjerne bruka engasjementet mitt på å forvalta henne vidare. Me lever i ei spennande tid og står fore store endringar. Eg er løysingsorientert og trur eg kan bidra positivt og konstruktivt i dei prosessane som kjem.



14. Kjellfrid Torunn Mæland

63 år. Førstemanuensis i pedagogikk ved HSH. Stord, Sunnhordland prosti.

Erfaring: Medlem i sokneråd og kyrkjeakademii.

Eg stiller til val fordi eg har fått eit konkret spørsmål frå den lokale kyrkjelyden. Eg ser det meningsfylt og spennande å delta i kyrkjeleg utviklingsarbeid i ei tid med store endringar, og der både nasjonale og internasjonale perspektiv høyrer med.



15. Gunn Ragnhild Vårdal Helgesen

59 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Selje, Nordfjord prosti.

Erfaring: Ordfører, Varaordfører, Leiar i Nordfjordrådet, Leiar i hovudutval for skule og barnehage i Selje.

Eg stiller til val fordi eg er spurt om å stille som kandidat, og eg har eit ynskje om å delta.



16. Kjell Jarle Aadland

66 år. Rådgiver. Os, Fana prosti.

Erfaring: Os Y's men klubb president, Y's men Region Norge kasserer.

Eg stiller til val fordi eg vil vera ein representant for mangfaldet.



17. Jostein Bildoy

49 år. Dagleg leiar. Førde, Sunnfjord prosti.

Erfaring: Mentor/teneste i trusopplæring, foredragshaldar. Fylkessekretær KrF.

Søndagsskulekonsulent. Styremedlem European Lutheran Sunday School Association.

Eg stiller til val fordi eg vil vere ein medspelar i arbeidet med å styrke og vidareutvikle trusopplæring for barn, familie og kyrkjelyd. Eg vil arbeide for Den norske kyrkja som ein proaktiv og dynamisk kyrkjeleg organisasjon som lokalt og nasjonalt motiverer som konkret trussamfunn og folkekyrkje. Eg vil vere ein medspelar i arbeidet med dialog mellom trus- og livssynsamfunn for kjennskap, tryggleik og respekt.



Supplerande kandidat: Egil Morland

65 år. Førstemanuensis. Fjell, Vesthordland prosti.

Erfaring: Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkerådet, Fagleg-etisk utval i Menneskeverd. Varaordfører.

Eg stiller til val fordi dei siste åra og dei komande er svært viktige for kyrkja si framtid, både når det gjeld ordningar og profil. Det vil ikkje vera rett å «hoppa av» no, med den erfaringa eg har frå desse prosessane. Eg har no hatt 1½ periode i Bispedømerådet, og er for tida også vald medlem av Kyrkerådet.



Supplerande kandidat: Marte Seip

69 år. Pensjonert lækjar. Eidfjord sokn, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Kirkens Nødhjelp i Sor-Sudan og Pakistan. Sokneråd og fellesråd. Speidarleiar. Medlem av diakonutvalet i Bjørgvin.

Eg stiller til val fordi kyrkja ligg meg på hjarta. Vi er no inne i ein viktig organisasjonsoppbyggingsfase. Eg er oppteken av at strukturar på alle plan må tene det lokale arbeidet. Spesielt meiner eg at eg kan representere små kommunar og prosti med mange sokn og kommunar.

Supplerande kandidatar kom inn etter nominasjonen med minst 75 underskrivarar kvar bak seg. Alder på kandidatane er alder på valdagen 14. september.

Les meir om kandidatane på kyrkjevalet.no/bjorgvin



Bli betre kjent med kandidatane

Les meir om kandidatane på nettet: kyrkja.no/bjorgvin, eller i brosjyre du får på ditt lokale kyrkjekontor.

Der kan du lesa kandidatane sine svar på desse spørsmåla:

1 | Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

2

Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer den evangelisk-lutherske folkekyrkja som:

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

3

Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

4

Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

5

Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Kyrkjevalet 2015 - kort sagt

- 13. – 14. september er det kyrkjeval i tillegg til kommune- og fylkestingsval. Dei fleste stader er valet berre den 14. september
- Alle medlemmer av Den norske kyrkja har røysterett frå det året dei fyller 15.
- Førehandsrøysting frå 10. august.
- Kandidatane blir valde for fire år.
- I august vil alle med røysterett få eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «Storting». Kyrkjemøtet har ei veldig viktig rolle i å styra kyrkja no som den er i ferd med å bli sjølvstendig i høve til staten.
- Di røyst i det direkte valet er med på bestemta dei fire første kandidatane som skal inn i bispedømerådet. Resten av dei sju leke representantane blir valde av sokneråda seinare.
- I tillegg vel prestane ein kandidat og andre kyrkjeleg tilsette ein kandidat. Begge desse gruppene har egne kandidatlistar. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet, som har 10 medlemmer.


Du kan påverka

Nominasjonskomiteen sine kandidatar er sette opp på vallista i prioritert rekkefølge. Eventuelle kandidatar frå supplerande nominasjon står nedst på lista utan nummer. Rekkefølga har berre noko å seie dersom to kandidatar får likt tal røyster. Kvar kryss du set framfor ein kandidat, kan difor ha mykje å seia.

Slik går du fram når du skal velja kandidatar

A | Du kan levere røystesetelen utan endringar.
- Alle kandidatane på røystesetelen får då ei røyst kvar.

B | Vil du endre på røystesetelen, kan du gje inntil tre kandidatar ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten.
- Kandidaten får då to røyster.
- Andre kandidatar får ei røyst kvar.
- Andre endringar vil ikkje telje med.
- Det er ikkje høve til å stryka kandidatar.



BARNAS SIDE

Fargelegg


Jesus blir døpt av Johannes.

Teikn ei krokodille

1. Bruk blyant.
2. Fleire detaljar, framleis blyant.
3. Fleire detaljar og mønstra i krokodilleskinnet. Etterpå teiknar du strekane på nytt med ein tynn, svart, vassfast tusj. Ta gjerne ein kopi av strekteikninga før du fargelegg ho.
4. Fargelegg krokodilla!



Teikning: Kari Sortland



Abonner på barnebladet



BARNAS

16 blader + DVD eller bok = berre 365,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,- per barn



Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00





Døypte

Dåpsdato

14.06.2015	Nikolas Bakke	27.06.2015	Elin Skråmestø og Jan Hinriksson
14.06.2015	Maja Bakke	11.07.2015	Henriette Helle Soltveit og Henning Kopperdal
28.06.2015	Alina Myksvoll	11.07.2015	Julie-Ane Ødegaard og Alf Johannes Agcaoili Borge (forbøn for borgarleg inngått ekteskap)
28.06.2015	Brede Villanger Grindheim	01.08.2015	Grethe Baardsen og Bjarte Håland
28.06.2015	Sofie Sylta Nordbustad	22.08.2015	Iselin Sætran og Roger Myking
19.07.2015	Morten Nordanger Bjerkestrand		
02.08.2015	Nikolai Carlsen		
09.08.2015	Aurora Skjelanger		
09.08.2015	Andrine Johanne Valdersnes-Duvfors		

16.08.2015	Elias Vågenes Morken
16.08.2015	Emil Endrè Humlestøl Mellingen
16.08.2015	Emma Camilla Humlestøl Mellingen
16.08.2015	Elly Tveiten
23.08.2015	Lene Lavik

Vigde

13.06.2015	Elin Therese Stevnebo og Roger Sundal Villanger
13.06.2015	Kristine Marås og Gaute Helland

Døde

Seremonidato

19.06.2015	Signe Rikstad
26.06.2015	Ellen Mathilde Bø
03.07.2015	Nils Vågenes
07.07.2015	Alma Cecilie Urhaug
07.07.2015	Arne Morken
10.07.2015	Annlaug Netteland
10.07.2015	Anny Lilletveit
14.07.2015	Elin Helland
14.07.2015	Are Bergvoll
17.07.2015	Erna Margit Lunde
31.07.2015	Georg Sognnes
14.08.2015	Asle Kviste
21.08.2015	Bjørg Hellelø



KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten



Dag	Offermål	Kr
21.06 4.sundag i treeiningstida	Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter	3036
28.06 5.sundag i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	1621
05.07 Aposteldagen	Vestnorsk utvandringssenter	4332
12.07 7.sundag i treeiningstida	Misjon uten grenser	1642
19.07 8.sundag i treeiningstida	Ungdom i oppdrag	3450
02.08 10.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Raday	3177
09.08 11.sundag i treeiningstida	Laget	3500
16.08 12.sundag i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	4831



Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):
Offer til andre organisasjonar:

Denne perioden

6452,00
3177,00
15960,00


Hittil i 2015

17026,00
27344,00
77119,00



Kva skjer i kyrkjelyden?

Hugs å sjekke nettsidene våre for info om gudstenester, konsertar, kor, konfirmantsamlingar og mykje meir!



Feilsending av valkort

I disse dagar sender Kirkerådet ut valkort til kyrkja sine medlemmar. Ved ein feil har diverre også einsskilde personar som ikkje er medlemmar motteke valkort.

- Vi bed om orsaking for at personar som er utmelde eller ikkje er døypte har motteke valkort. Dette er galt. Vi forstår godt at folk vert opprørte og tek dette på største alvor, seier direktør i Kirkerådet, Jens-Petter Johnsen.

Kirkerådet arbeider no med å finne årsaken til feilutsendingene. Johnsen forsikrar om at kyrkja ikkje har noko å vinne på feil i medlemsregisteret.

- Den norske kyrkja er ikkje medlemsfinansiert og har ingenting å tena på at personar feilaktig står oppført i vårt medlemsregister, seier han.

Kirkerådet oppmodar til at folk som feilaktig har motteke valkort tek kontakt med sitt lokale kyrkekontor, slik at feilen kan verta retta. Dette står det også opplyst om på valkortet. Alternativt kan ein ta kontakt via epost: post.kirkeradet@kirken.no

Korleis har du det eigentleg?

Kirkens SOS
815 33 300
www.kirkens-sos.no



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn - www.kirken.no/radoy
Du finn oss også på Facebook og Twitter

**MANGER
GRAVMONUMENT**

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no



BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

Tannlege
Sondre Villanger Håland
Grønålvegen 18, 5936 Manger
Telefon: 56 37 00 40
info@tannlege.so www.tannlege.so

T
TØRKELOFTET
BLOMSTER & INTERØR

KVALHEIM EIENDOM AS
Idrettsvegen 7 5936 Manger
Tlf: 56374073
kval.vvs@frisurf.no



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no

Smiths
møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Nordhordland Begravelsesbyrå as
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf. 56 37 14 10
Gravferdsbyrå for heile Nordhordland
post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no

Vatne
Begravelsesbyrå
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon

MTI
IT SERVICE

ØKO NOR
ACCOUNTOR GROUP
Tlf 56 35 55 80

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

RISNES
ELEKTRO AS
Elinstallatør - Lampebutikk
Tlf 56 34 96 20

SparebankenVest

REMA 1000
bare lave priser

Manger Senter
07-23 (09-21) 5637 2255

Vel møtt i kyrkja!

Sjå òg nett-
sidene våre:
[kirken.no/
radoy](http://kirken.no/radoy)

søndag 6. september	1100	Hordabø. Gudsteneste. Offer: Trusopplæring i Radøy.
søndag 13. september	1100	* Manger. Gudsteneste. Offer: Norsk Lærerakademi.
søndag 20. september	1100	Sæbø. Gudsteneste. Offer: Diakoni & Kyrkjemusikk i Radøy.
søndag 27. september	1100	* Manger. Gudsteneste. Offer: Trusopplæring i Radøy.
<hr/>		
søndag 04. oktober	1100	Hordabø. Gudsteneste: Offer: Kristent arbeid blandt blinde og svaksynte.
søndag 11. oktober	1100	Sæbø. Gudsteneste. Offer: Gå ut-senteret
søndag 18. oktober	1100	* Manger. Gudsteneste: Offer: Diakoni & Kyrkjemusikk i Radøy.
søndag 25. oktober	1900	Hordabø. Tomasmesse. Offer: De fire diakoninstitusjoner.
<hr/>		
søndag 1. november	1900	* Manger. Minnegudsteneste.
søndag 8. november	1100	Sæbø. Gudsteneste. Offer: IKO - Kirkelig pedagogisk senter.
	1600	Hordabø. Gudsteneste. Offer: IKO - Kirkelig pedagogisk senter.
søndag 15. november	1100	* Manger. Gudsteneste. Offer: Trusopplæring i Radøy.
søndag 22. november	1100	Hordabø. Gudsteneste. Offer: Stefanusalliansen.

*** Hugs å sjekka kalenderen på www.kirken.no/radoy for oppdatert informasjon om gudstenester og for oversikt over andre arrangement og tilbud i kyrkjelyden! Dette er særst viktig når det gjeld gudstenester og andre arrangement i Manger kyrkje som kan verta flytta på kort varsel.**

Elektronisk bestilling av dåp



Visste du at du no kan bestille dåp i Radøy sokn via nett-staden vår? Du slepp dermed å vente på at kyrkjekontoret er opent og kan velja fritt blant ledige dåpsgudstenester. Besøk oss på www.kirken.no/radoy og klikk på "Dåp"!

*"...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja, men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje."
Biskop Halvor Nørdhaug, visitas 2012.*

Redaksjon: Audun Sylta, J. William Kay.
Utforming: J. William Kay • E-post: radar@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik
Bilete: © Kirkerådet, Willem Vogelaar.



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

